



Haugland-laget skaut full kvote sist haust og her er slaktinga i gang. (Foto: Jane Haaranes)

**Sist haust vart det felt 104 hjortar i Uskedalen når også dei felte på Skorpo blir rekna med. I sjølve Uskedalen var det ein fellingsprosent på 78,4 ettersom 98 av 125 innvilga dyr vart felte. På Skorpo felte dei 6 av åtte dyr.**

Her er fordelinga på dei einskilde valda i dalen:

- \* Ljosnes fem av sju dyr, fellingsprosent 71,4
- \* Rød seks av sju dyr, fellingsprosent på 85,7
- \* Kjærland 21 av 25 dyr, fellingsprosent på 84,0
- \* Haugland 20 av 20 dyr, fellingsprosent på 100
- \* Musland 17 av 21 dyr, fellingsprosent på 81,0
- \* Fjellandsbø seks av 10 dyr, fellingsprosent på 60

- \* Ytre Feet-Eik seks av 9 dyr, fellingsprosent på 66,7
- \* Øvre Feet 17 av 26 dyr, fellingsprosent på 65,4

Tilsaman i landets største hjortekommune vart det felt 1.076 dyr siste haust - av eit innvilga antall dyr på 1.246. Det gjev ein fellingsprosent på 86,36, men fellingstala varierte sterkt.

Halsnøy var heilt oppe i 106,1 prosent ettersom det vart gjeve løyve til felling av 82, medan dei felte 87. I den andre enden av lista kom ikkje Mauranger høgare enn 65,1 med 41 av 63 tillatt felte hjortar. I nabolaget vårt viser statistikken at Omvikdalen hadde ein fellingsprosent på 81,4 med 79 av 97 hjortar og Herøysund 83,3 med 15 av 18 hjortar.

Av Ola Matti Mathisen